



LIABYGDA BARNEHAGE



ÅRSPLAN OG INFORMASJONSHEFTE FOR BARNEHAGEÅRET 2020/2021

PRAKTISK INFORMASJON OM BARNEHAGEN

TELEFON: 464 111 38, 46411130

E-POST: susan.helsem@stranda.kommune.no

E-POST: nina.grønning@stranda.kommune.no

OPNINGSTID: Måndag-fredag: 08.00 -16.00

PERSONALET

NAVN	STILLING	TELEFON NR
Nina Grønning	Pedagog 100 %	464 11 138/ 986 288 97
Gerd Helen Grønning	Assistent 100 %	948 57 481
Susan Aambakk Helsem	Einingsleiar	464 11 130, 926 77 414

VÅR BARNEHAGE:

Liabygda barnehage ligg idyllisk til i solfylte Liabygda. Her har vi stor plass både inne og ute. Barnehagen er per i dag ei avdeling med barn frå 1 til 5 år. Det meste av læring i barnehagen skjer gjennom lek og hovudfokuset vårt er lek i alle former og variantar. Vi bruker nærområdet rundt oss til å forsterke nye opplevingar og vidareutvikle leiken. Det at vi har ei lita barnegruppe gir oss høve til å nytte det vi har rundt oss, uansett om det er i umiddelbar nærleik eller om det er lenger vekk. I Liabygda barnehage gjer vi det vi kan for at borna skal ha kjekke og varierte dagar med mykje læringsrik lek.



SAMARBEIDSUTVAL OG FORELDRERÅD

For å sikre samarbeidet mellom heim og barnehage, skal kvar barnehage ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd (jr. Lov om barnehagar). På Helstad og Liabygda barnehage har vi slått saman SU og FAU når vi kallar inn til møte 2 gongar i året. Det betyr at både SU sine representantar og FAU sin representantar møter i lag. Ved andre møter er dette opp til leiarane og medlemmane i SU og FAU å bestemme kven som skal møte.

SAMARBEIDSUTVALET (SU)

Skal gjennomgå budsjettforslag frå einingsleiar og godkjenne barnehagen sin årsplan.

FORELDRERÅDET (FAU)

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldra vel dette styret sjølv (godkjenning av nytt styre skjer på første foreldremøte etter sommaren). Foreldrerådet skal vere eit bindeledd mellom foreldregruppa og barnehagen. Foreldrerådet kan ta opp saker som er til det beste for barna i barnehagen. Foreldrerådet sitt ansvar er å sikre og fremje samarbeidet mellom heim og barnehage.

FORELDRERÅDSSTYRET 2020- 2021: Nytt val på foreldremøte i sept 2020

- Leiar i Foreldrerådet
- Medlem
- Leiar i SU

SAMARBEIDSUTVALET 2020-2021:

- Leiar SU foreldrerepresentant
- Leiar foreldrerådet
- Kommunal representant
- Personalrepresentant, Marlen Øen Hjellbakk
- Sekretær, Susan Aambakk Helsem

KORLEIS KAN DYKK SOM FORELDRE/ FØRESETTE PÅVERKE BARNEHAGEN SI VERKSEMD?

- Dagleg kontakt i bringe og hente situasjon
- Kontakt med foreldrerådet
- Representant i samarbeidsutvalet
- Vere ein aktiv deltakar i evaluering/brukarundersøkingane i bhg.
- Ta kontakt med personalet, foreldresamtalar

DAGSRYTME:

08.00	Barnehagen opnar
08.30 – 09.00	Frukost
09.15 – 09.30	Morgonsamling/ tema
09.30 – 11.15	Tur/ aktivitet/ leik/ ut
11.15 – 11.30	Samling
11.30 – 12.00	Lunsj
12.00 – 14.15	Legging/Aktivitet/ leik ute eller inne
14.30 – 15.00	Fruktmåltid
16.00	Barnehagen stenger

FASTE AKTIVITETAR/ARRANGEMENT GJENNOM ÅRET

MÅNAD	AKTIVITET/ ARRANGEMENT
August	
September	Foreldremøte
Oktober	Foreldresamtalar
November	Foreldresamtalar
Desember	Lucia Nissefest Barnegudsteneste Julefrukost/ julefest (regi personalet)
Januar	
Februar	Karneval
Mars	
April	Foreldresamtalar
Mai	Foreldresamtalar
Juni	Avslutningstur for førskulebarna Sommerfest (regi Foreldrerrådet)

DETTE TRENG BARNA I BARNEHAGEN



- **Ekstra klede** som kan ligge i barnehagen. Undertøy, strømpebukse, t- skjorte/ body, sokkar, bukse, genser, tjukkeraggjar, tjukkekkele til kalde dagar, vottar...
- **Innesko.** Innesko bør sitte godt på foten.
- **Utedress, regnkle og regnvottar.** Desse kledda kan gjerne henge i barnehagen, men må takast med heim for vask og tørk. Er regnkle eller dressen veldig våt tørkar dei ikkje over natta i barnehagen.
- **Bleiar.** Vi vil helst ikkje ha "up and go" bleiar. Dette fordi det er meir tidkrevjande å måtte ta av alle kledda på barna.

Det er viktig at klede, sko og utstyr blir merka med namn.



MAT I BARNEHAGEN

Foreldra betalar for tre måltid i barnehagen:

- **Frukost** – eit varierende smøremåltid eller graut.
- **Lunsj** - eit varierende smøremåltid. Barnehagen tilbyr også eit varmt måltid per veke.
- **Frukt & grønt måltid** - eit mellommåltid som inneheld ulike frukt- og grønnsaker i tillegg til knekkebrød eller yoghurt.

De får tilsendt eigen giro for betaling av mjølk og mat.

Mat og drikke i barnehagen utgjer ein betydeleg del av barnet sitt totale kosthald. Kva barnet et i barnehagen er derfor av stor betyding for barnet si utvikling og helse. Vi har difor fokus på sunne og næringsrike matvarer. Vi skal vere ein arena der barna på ein naturleg måte kan tileigne seg kunnskapar og gode holdningar knytt til mat, måltid og hygiene.



BURSDAGSFEIRING

I og med vi har så få barn i barnehagen, har vi gitt barna lov til å sjølv velje kva dei vil ete når dei har bursdag. Dei får velje eventuell varm mat, samt fruktskyd, smoothie eller kake.

Bursdagsmenyen er open for endring under foreldremøte.

Hyllene i barnehagen kan bli brukt til utdeling av bursdagsinvitasjonar. Det er greitt så lenge ein inviterer til dømes alle jentene, alle gutane, heile avdelinga eller alle på same alder. Barna er svært oppmerksame på forskjellsbehandling. *Vel ein å sette nokon utanfor, får ein ikkje bruke barnehagen til utdeling av bursdagsinvitasjonar.*



LEIGE AV BARNEHAGEN

Det er fullt mogleg å leige barnehagen på ettermiddag- og kveldstid til bursdagsfeiring eller andre anledningar som de måtte ynskje.

Dette må avtalast med Nina. Pris for leige kr 350,-

NYE BARN

Nye barn og foreldre blir invitert til barnehagen før oppstart. Det blir sendt ut informasjon og div løyveskjema på førehand som de tek med til barnehagen på besøksdagen. Under dette besøket har vi ein uformell samtale med foreldre der vi utveksla informasjon, slik at oppstarten blir så trygg og god som mogleg både for foreldre og barn. Helseattest **skal** vere signert før barnet startar i barnehagen.

TILVENNING

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barna får ein trygg start i barnehagen. Dette gjer vi ved å organisere tid, tilpasse rutinar og ha ein god dialog med foreldra og deira ynskjer og behov. Den første tida er det viktig at foreldre sette av tid til å vere ilag med barnet i barnehagen slik at det blir eit trygt møte med eit nytt miljø og nye vaksne.

KONTAKT MELLOM HEIM OG BARNEHAGE



DAGLEG KONTAKT

Den daglege kontakta når barna kjem og blir henta er viktig. Då kan vi gi og ta imot beskjedar og snakke om ting som har skjedd i løpet av dagen. Vi har og ei lukka Facebookside der vi legg inn bilder, påminningar og anna informasjon til foreldre.

FORELDRESAMTALAR

Pedagogane kallar inn til foreldresamtale to gongar i året. Dette er ein samtale der foreldre får vite om barnet sitt og kvardagen dei har i barnehagen. Foreldra får også eit innsyn i det barnehagen ser av progresjon og utvikling jmf. «Alle med» skjema og vanlige observasjonsskjema. Foreldra får på førehand informasjon om kva for punkt vi ynskjer ein kan tenke over før samtalen og om der er spesielle ting vi bør ta hensyn til. Dei innspel foreldra kjem med under samtalen blir også ført inn i skjema. Det er sjølvsagt mogleg å avtale foreldresamtalar utover dette dersom ein ønskjer det.

FORELDREMØTE (stad for møte Helstad barnehage på Stranda)

Barnehagen arrangerer 2 foreldremøte i løpet av barnehageåret. Eit på hausten der ein har val av foreldrerådet, samarbeidsutvalet og informasjon om barnehagen sine planar framover. På grunn av korona situasjonen kan det vere at foreldremøta blir heldt avskilt. På våren eit foreldremøte der ein kan evaluere barnehageåret, eller tema som kan gi både foreldre og personalet litt "faglig påfyll" frå ulike faginstansar som vi samarbeidar med gjennom eit barnehageår.

DOKUMENTASJON I BARNEHAGEN



HALVÅRSPLAN

Halvårsplan er den pedagogiske delen av årsplanen og må sjåast i samanheng med den. Innhaldet i halvårsplanane skal synleggjere kva barna opplever, lærer, får kjennskap til og gjer i barnehagen. Planen skal vise dei 7 fagområda og krava som Rammeplan 2017 pålegg oss. Når ein utarbeidar ein halvårsplan tek vi utgangspunkt i Rammeplan 2017 og dei 7 fagområda

som står der (www.udir.no). Halvårsplanen er eit reiskap som vi brukar som utgangspunkt når vi utarbeidar vekeplanar.

MÅNADSPLANAR

Vi deler ut planar for ca. 4 veker i gongen. Planane heng i garderoben og på Facebooksida vår. I tillegg blir dei levert ut i hylla til kvart einskild barn (ikkje under Korona). Vekeplanane er ein meir detaljert plan som har sitt utgangspunkt i halvårsplan. Barna si interesse og engasjement er noko vi legg stor vekt på og skal gjenspegle det som står i vekeplanen.

PERSONALMØTE

Om lag ein gong i månaden har personalet møte. Er det saker du vil vi skal ta opp der kan du gi beskjed til einingsleiar. Du kan også ta det opp med leiar i foreldrerådsstyret, så kan leiaren formidle det vidare til styrar. Tema på personalmøta er blant anna faglig påfyll, HMS og evaluering av det pedagogiske opplegget og kvardagssituasjonar.

EVALUERING

Evaluering av halvårssplanane blir gjennomført ved nyttår og i juni. Evalueringane blir nytta som eit reiskap for seinare planar og arbeid i barnehagen.

BILDE

Vi tek mange fine bilde i barnehagen. Gjennom bilde blir kvardagen i barnehagen, turar og andre aktivitetar dokumentert. Bilda blir vist på facebooksida vår og lagra på barna sine mapper. Til jul og sommaren legg vi dei over på MINNEPENN som foreldra får. Får å få dette må ein skrive under på eit løyveskjema og ta med minnepennen som de har fått utdelt.



BARNEHAGEN SITT FØREMÅL OG INNHALD

FØREMÅL

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode vilkår for utviklig og aktivitet i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.

BARNEHAGEN SITT INNHALD

Barnehagen skal vere ei pedagogisk tilrettelagt verksemd og ein kulturberande og kulturformidlande institusjon.

”Lov om barnehagar” og ”Rammeplan for barnehagen” gir retningslinjer for barnehagen sine oppgåver og innhald.



RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN

Rammeplanen gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

Målet med Rammeplanen er å gi styrar, pedagogisk leiar og resten av personalet ei forplikta ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd.

For å lette barnehagen si planlegging av eit variert og allsidig pedagogisk tilbod, er barnehagen sitt innhald delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring. Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen.

Korleis fagområda blir tilpassa det enkelte barn og gruppa sine interesser og det lokale samfunnet, er opp til den enkelte barnehage å bestemme.

Dei sju fagområda:

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsle, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Mengd, rom og form.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn.

Eit fagområde vil sjeldan eller aldri opptre åleine. Dei vil vere representert gjennom temaarbeid og i samband med kvardagsaktivitetane (sjå halvårsplan).

Rammeplanen kan lastast ned her: www.udir.no

HOVEDMÅL FOR LIABYGDA BARNEHAGE:

”Barnehagen skal være en trygg arena som skal bidra til å skape utvikling, trivsel og sosialt samspill.”

Liabygda Barnehage sine styrande verdier er:

- ENGASJEMENT
- TRYGGLEIK
- Å VERE RAUS
- MILJØVERN

FELLES SATSINGSOMRÅDET MED HELSTAD :

EIT GODT PSYKOSOSIALT MILJØ



Eit godt psykososialt barnehagemiljø er svært viktig, det er essensen i det som gir trivsel og ikkje minst livsmestring. For å få til ein god barnehage som er prega av glede og trivsel, treng ein engasjerte og profesjonelle vaksne. Vår jobb består av å vere gode rollemodellar og bidra til trivsel, glede, og utvikling av leiken både inne og ute. Vi skal vise respekt, vere anerkjennande og møte barna på deira nivå. Vi skal gi barna omsorg, tryggleik, vi skal sjå dei, høyre på dei og ikkje minst inkludere dei i fellesskapet. Vi skal sørge for at barna får varierte opplevingar, utfordringar og at dei opplever mestring. Vi som vaksne skal gjer vårt ytterste, slik barna i vår barnehage føler seg som ein del av fellesskapet, der vennskap og sosiale relasjonar står i høgsete.

Fellesskap og inkludering med fokus på vaksenrolla er den raude tråden i barnehagen vår. For å få til dette må vi som vaksne vere bevisst vår rolle. Vi skal passe på at alle får vere med på å medvirke i sin eigen barnehagekvardag (metodar vi bruker kan de lese meir om i halvårsplanen vår). Vi skal vere med på å gi barna nye opplevingar både i og rundt barnehagen. Dette betyr at turar utanfor barnehageområdet også er viktig. Lengda på turen er ikkje det vesentlig, men opplevinga kvart einskild barn får ved å vere med på denne turen. Vi trur at ved å gi barna eit godt psykososialt barnehagemiljø er med på å utvikle robuste barn. Barn som tåler medgang og motgang, fordi dei er trygge på seg sjølv og omgivelsane sine.

VÅRE SAMARBEIDSPARTNARAR



PEDAGOGISK- PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

PPT er ein fagleg instans som kan gi sakkunnig vurderingar og tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ynskjer samarbeid og hjelp i forhold til enkeltbarn, må foreldra gi samtykke til dette.

BARNEVERNET

Barnevernet si hovudoppgåve er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga får nødvendig hjelp og omsorg. Barnehage og barnevernet er to av fleire aktørar som er med på å skape trygge oppvekstvilkår for barn.

Tilsette har plikt til å melde frå dersom ein har mistanke om at barn vert utsette for omsorgsvikt.

HELSESTASJONEN

Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggjande og helsefremmande arbeid for å trygge barn sine oppvekstvilkår i kommunen. Og for å foreslå at det vert søkt barnehageplass for barn med særskilde behov.

Barnehagen kan søke råd, og formidle kontakt mellom barna sin heim og Helsetenesta.

KOMMUNEN

Stranda kommune har tilsynsmynde for alle barnehagane i kommunen.

Det er felles opptak til barnehagane i Stranda Kommune.

Styrrar deltek på Leiarforum som blir leia av Rådmannen. I leiarforum er det administrasjonen og alle einingsleiarane som møtest og diskuterer saker som angår Kommunen og dei ulike einingane. Styrrar er og på ”Styrrarmøte”. Desse møta blir leia av kommunalsjef oppvekst og er eit felles møtepunkt for dei kommunale og private barnehagestyrrarane.

BTI

Betre tverrfagleg innsats er ei gruppe som består av barnehagen, PPT, Helsestasjon, Barnevern. Styrrar kallar inn til møte 2 gongar i året for å kunne diskutere saker som kan løysast på lavast mogleg nivå og så tidlig som mulig. Dette er for å kunne fange opp og hjelpe barn raskare enn det vi har klart tidligare.

Skule- og barnehagerute for 2020 -2021

MÅNAD	Barnehage	Skule
AUGUST	Barnehageåret vert rekna frå 01.08 Grunna ulik ferieavvikling kan barnehagane starte til ulik tid. Dei fleste startar tirsdag 04.08. Første mandag etter ferien er plandag for personalet og barnehagen er stengt.	Første skuledag Mandag 17.08.
SEPTEMBER	Felles plandag for barnehagane Ikkje fastsett dato. Kan også bli i oktober eller november.	Felles plandag i skulen Ikkje fastsett dato.
OKTOBER		Haustferie i skulen veke 41 05.10. t.o.m 9.10.
NOVEMBER		
DESEMBER	Siste barnehagedag før jul er tirsdag 22.12 23.12 er plandag for personale. 24,28,29,30og 31 er ferie for personalet og barnehagen er stengt.	Siste skuledag før jul er fredag 18.12.
JANUAR	Første dag etter nyttår er mandag 04.01.	Første skuledag etter jul mandag 04.01.
FEBRUAR		Vinterferie i skulen veke 8 22.02. t.o.m 26.02.
MARS	Påske: Barnehagane er stengt f.o.m måndag 29.03. – t.o.m måndag 05.04.	Påskeferie. måndag 29.03. – t.o.m måndag 05.04.
APRIL	29.3 er feriedag og 30.3 er plandag for personalet. 31 .03. innlagt 4 timar avspasering for personalet.	
MAI	Plandag for personalet 14.05. Barnehagen er stengt.	Elevfri dag 14.05
JUNI		Siste skuledag 18.06
JULI	Barnehagane er stengt i veke 29 og 30. Veke 28 og 31 vert vurdert i kvar barnehage. Vurderinga vert gjort på bakgrunn av behov og om det er mogleg å gjennomføre praktisk og økonomisk.	
KOMMENTARAR	<u>PLANDAGAR FOR PERSONALET :</u> Dei tilsette i barnehagane har 5 plandagar i arbeidsåret sitt. Onsdag i påska er lagt inn som 4 t avspasering. <u>FERIEAVVIKLING I BARNEHAGANE:</u> Alle barna skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret; 4 veker om sommaren eller 3 veker sommaren og ei veke lagt til skulen sin haust- eller vinterferie. Ferien skal være etter avtale med barnehagen. Personalet har 4 veker ferie om sommaren, eller 3 + 1 veke. Personalet har den 5.ferieveka i jula.	Skulane skal ha minimum 6 plandagar. Skuleeigar har lagt inn 1 dag utanom dette som vert tatt frå dei 190 elevdagane.

Velkommen



til oss i Liabygda 😊

